

## **Kommunalt næringsfond**

**Det kan søkjast om tilskot og lån frå kommunen sitt næringsfond. Særleg gjeld dette nyskapande prosjekt og prosjekt som fører til betre sysselsetjing i næringsssvake områder. Næringsfondet sine vedtekter og retningslinjer finn du her saman med opplysningar om korleis du kan søkja.**

Søknader om midlar frå næringsfondet skal stilast til Styret i næringsfondet (formannskapet). Etter at det er føreteke ei vurdering av søknaden, vert den lagt fram for fondsstyret til avgjerd. Fondsstyret behandlar søknadene fortløpande.

### **Vedtekter for næringsfondet**

Vedtekne av Kvinnherad kommunestyre den 25.04.02

#### **§ 1 HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTNING**

Fondskapitalen er:

Næringsfond på kr. 600.000,- innbetalt av Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) i medhald av konsesjonsvilkåra for Blåfalli I, oppretta ved kongeleg resolusjon av 11.09.81. Næringsfond på 2,0 mill. kr innbetalt av SKL i medhald av pkt. 2 i konsesjonsvilkåra for regulering av Midtbotnvatn, oppretta ved kongeleg resolusjon av 14.07.89. Næringsfond på 2,0 mill. kr innbetalt av Kvinnherad kommune. I tillegg har SKL og Kvinnherad kommune inngått utbyggingsavtale i samband med realiser-ing av Vik kraftverk, der SKL skal betale inn 10,0 mill. kr.

Fondskapitalen skal forvaltast i tråd med kommunen sin finansstrategi og avsetjast på renteberande konto / verdipapir. Grunnkapitalen skal kvart år indeksregulerast.

Avkastninga er renter etter indeksregulering av fondskapitalen. Avkastninga kan nyttast til tilskot og til ansvarlege lån på vilkår.

#### **§ 2 FØREMÅL**

Avkastninga frå næringsfondet etter indeksregulering skal nyttast til næringsføremål. Nyskapande prosjekt og prosjekt som fører til betre sysselsetjing i næringsssvake områder, bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den løpande drifta av bedrifter. Det bør heller ikkje gjevast stønad til verksemder som mottar overføringar over statsbudsjettet.

Det skal ikkje gjevast stønad til verksemder som medfører konkurransevriding i det lokale næringslivet.

#### **§ 3 STØNADSFORMER**

Frå avkastninga kan det gjevast tilskot samt ansvarleg lån på vilkår. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette

utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utbyggingsselskap, utleigebygg, utleigeareal og liknande som kommunen etablerer i samarbeid med private interessentar.

#### **§ 4 STØNADSVILKÅR**

Samla stønad frå fondet til private nærings tiltak skal ikkje overstige 50% av den samla kapitaltrongen til eit prosjekt.

Maksimal stønad må liggja innanfor ei maksimalgrense på kr 400.000,- (50.000 ECU) til eit og same føremål i ei og same verksemd i ein treårsperiode. Verksemdar som tek imot stønad pliktar å opplysa om at stønad er motteke frå næringsfondet ved søknad om eventuelt ytterlegare stønad frå offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden. (Det vert vist til regelverket for offentlig stønad i EØS-avtalen, reglane for bagatellmessig stønad)

#### **§ 5 TILHØVET TIL INTERNASJONALE FORPLIKTELSAR M.O.T. STATSSTØNAD**

Bruken av fondet skal vere i samsvar med det internasjonale regelverket Noreg har slutta seg til med omsyn til stønad.

#### **§ 6 FORVALTNING**

Næring og utvikling er fondsstyre. Det er høve for fondsstyret til å delegera til administrasjonen å avgjere søknader innafor nærare fastsette fullmaktsgrenser.

Dersom fondsstyret finn det naudsynt, kan det innafor dei godkjente vedtektene utarbeidast nærare retningslinjer for sakshandsaming. Desse retningslinjene må godkjennast av kommunestyret.

Fondsmidlane skal forvaltast av investeringsutvalet og plasserast på renteberande papir/konto slik at midlane er lett likvide.

#### **§ 7 ÅRSMELDING**

Det skal leggjast fram ei melding om fondet si verksemd for kommunestyret kvart år. Kopi av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

#### **§ 8 GODKJENNING AV VEDTEKTER**

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtektene treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen. Kommunen kan påklage fylkesmannen si avgjerd til kommunaldepartementet.

#### **RETNINGSLINER FOR BEHANDLING AV SØKNADER OM MIDLAR FRÅ NÆRINGSFONDET**

Vedtekne av Kvinnherad kommunestyre i møte 09.02.06.

## **GENERELT**

Oppretting av næringsfondet går fram av vedtektene for fondet som er godkjende av kommunestyret 25.04.02. og av fylkesmannen i Hordaland 24.05.02. Retningslinene byggjer på vedtektene og skal gje nærare reglar for behandling av fondsmidlane, jfr § 6.2 i vedtektene.

Næringsfondet er samansett av to deler: det statleg pålagde næringsfondet (for tida 4,6 mill) og avtalefondet frå SKL (for tida på kr 5,0 mill). Midlar frå det statleg pålagde fondet skal primært nyttast til mindre næringsprosjekt som fell utanfor andre stønadsordningar. Midlane frå avtalefondet skal nyttast til næringsutviklingsprosjekt som indirekte styrkjer næringslivet i kommunen. Utviklingsprosjekt som er forankra i kommunale og regionale planar (t.d. handlingsplan, næringsplan, utviklingsprogram) skal prioriterast.

Føremålet med næringsfondet går fram av § 2 i vedtektene, men det kan presiserast at hovudføremålet med fondsmidlane er å stimulera til oppretting av nye arbeidsplassar i Kvinnherad gjennom etablering av ny næringsverksemd og vidareutvikling av eksisterande bedrifter.

Som hovudregel skal det ikkje nyttast midlar frå næringsfondet til «bedriftsredningar». Det skal heller ikkje nyttast midlar til reine offentlege oppgåver.

## **STØNADSFORMER**

Stønad frå næringsfondet skal vera i form av tilskot frå den årlege avkastninga frå grunnkapitalen (evt. styrka med midlar over kommunebudsjettet). I særlege høve kan det ytast ansvarlege lån. I slike høve skal tilskotet gå til dekking av kapitalkostnadene over ein nærare fastsett periode.

## **STØNADSGRENSER**

Vedtektene § 4 fastlegg at stønad frå næringsfondet til private næringstiltak (bedriftsutvikling og investeringar i bedrifter) ikkje skal overstiga 50 % av den samla kapitaltrongen til prosjektet.

Avdi det er små midlar til disposisjon, vert det som hovudregel sett ei øvre grense på kr 30.000,- for tilskot til private næringstiltak.

## **KRAV TIL SØKNAD**

Søknad må innehalda følgjande:

Utgreiing om tiltaket:

- Ide / prosjekt / gjennomføring
- Marknadsvurdering
- Arbeidsplassar
- Framtidig utvikling

Økonomi:

- Investeringsoversikt
- Finansieringsplan
- Driftsbudsjett / likviditetsbudsjett

Om søkjaren:

- Bakgrunn / kompetanse
- Referansar / ressurspersonar
- Andre ressursar.

Det skal gå klart fram av søknaden kva tilskotet er tenkt nytta til. Som hovudregel bør søknaden sendast i god tid før tiltaket vert sett i gang.

Det skal også gå fram av søknaden om det vert søkt om midlar frå andre offentlege støtteordningar.

## **SØKNADSBEHANDLING**

Søknaden skal sendast til Kvinnherad kommune v/ Styret for næringsfondet, 5470 Rosendal.

Før søknaden vert behandla av næringsfondsstyret, skal det lagast ei tilråding. Søknadene vert handsama fortløpande så langt det praktisk let seg gjere med m.o.t møteavvikling osv.

## **UTBETALINGSVILKÅR**

Utbetaling av tilskot skjer når det ligg føre dokumentasjon som viser at det omsøkte tiltaket er gjennomført. Tilskotet kan også utbetalast når det er eit rimeleg høve mellom det som er utført og det innvilga tilskotet. (Jfr vedtektene § 4 der det er krav om at tilskotet ikkje må overstiga 50 % av samla kapitalinnsats).

I særlege høve kan det føretakast delutbetaling når tiltaket er delvis utført.

Dersom tiltaket ikkje er oppstarta innan 1 år etter at løyvinga vart gjeven, må søknaden vurderast på nytt.

## **KLAGE**

Fondsstyret sine vedtak er rekna som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 og kan påklagast til kommunen si særskilde klagenemnd, jfr forvaltningslova § 28.

Kontakt Verksemd for samfunnsutvikling om du har trong for meir informasjon

(tlf. 53 48 31 00, [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)).